
Fra: Øystein Dalland <oeystein.dalland@aibel.com>
Sendt: onsdag 29. mai 2019 07:51
Til: Bente Kopperdal Hervik
Emne: RE: Innspel vedr. rullering

Hei

Vi skal ta en runde på det. Er det tidsnok med en tilbakemelding iløpet av neste uke?

Mvh

Øystein

Sensitivity: Internal

From: Bente Kopperdal Hervik [<mailto:bente.kopperdal.hervik@radøy.kommune.no>]
Sent: 24. mai 2019 11:10
To: Øystein Dalland <oeystein.dalland@aibel.com>
Subject: Innspel vedr. rullering

Hei,

Eg har prøvd å ringa deg ang innspelet dykkar til handlingsprogrammet.

Eg ser at de ynskjer at heile anlegget skal sjåast på som eit felles anlegg og prioriterast i høve til kommunedelplanen/anleggsstrategien.

I spelemiddelsamanheng er det sjølvsagt mogleg å søkja på alle anlegga under eitt, men då må de altså visa til at de har fullfinansiert alle anlegga før de kan søkja. Slik eg har forstått det, er ikkje dette realistisk. Dermed så er det slik at de må søkja om eitt og eitt anlegg etter kvart som de er klare til å byggja og har finansieringa i orden.

Innanfor spelemiddelsystemet er det slik at ingen ordinære anlegg får spelemidlar før dei har søkt tre gonger. Det er såleis ikkje noko poeng prioritera anlegg på topp før dei har søkt tre gonger. Dei vil uansett ikkje få midlar. Det som er viktig er at de har ein realistisk plan for når de tenkjer å søkja på anlegga, og særleg viktig er det om de har tenkt å søkja på fleire anlegg allereie i år. Dei anlegga som er planlagt nært føreståande vert sett i handlingsplanen, medan dei anlegga som ligg litt lenger fram i tid, kan setjast på langtidsplanen. Planen vert rullert kvart år, så anlegg som nærmar seg klar søknad kan flyttast frå langtidsplanen til handlingsplanen.

Når det gjeld anlegga som er starta opp har pistolklubben søkt to gonger, og kan i teorien få utbetaling neste år om dei vert prioritert. 200-metersbana kan tidlegast få utbetaling i 2021. Anlegg de søker om no i haust kan tidlegast få utbetaling i 2022.

Eg ber difor om at de lagar ei oversikt til oss med dei anlegga som er nærmast føreståande, og ei liste over dei anlegga de ser for dykk å byggja dei nærmaste fire åra. Lista kan endrast, men anlegg de skal søkja om i år (i tillegg til dei to søknadene som er inne), må meldast inn no.

Med venleg helsing
Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur
Tlf. 56 34 90 12

This e-mail and the information it contains is confidential and intended for the right addressee only. It may contain legally privileged and confidential information. If you are not the person or organisation to whom it is addressed (or meant to be addressed to), you must not copy, distribute or take any action in reliance upon it. If you have received this email in error, please notify the sender immediately by telephone, fax or e-mail and delete it from your system. Aibel AS is not liable for any opinions expressed by the sender where this is a non-business e-mail.